

SAK 42/22 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29.03.2022

Vedtak:

Møteprotokollen frå Regionrådsmøte 29.03.2022 er godkjent.

SAK 43/22 FORPROSJEKT CAMPUS HALLINGDAL

Vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal støttar ambisjonane om etablering av campus Hallingdal, med Gol som vertskommune.
2. Regionrådet for Hallingdal vil i samband med forprosjekt Campus Hallingdal stå som prosjekteigar fram til eit eventuelt etableringsprosjekt.
3. Regionrådet for Hallingdal har som intensjon å underteikne ei intensjonsavtale saman med Gol kommune og Universitetet i Sørøst-Norge når denne er klar.
4. Tre-part samarbeidet Regionrådet for Hallingdal, USN og Gol kommune har i forprosjektet mandat til å avklare moglegheitene og legge til rette for å utvikle eit fleircampuskonsept i Hallingdal, sentralt i Fjellnøreg. Dette skal tene heile landet i tillegg til å møte regionens egne kompetansebehov. Som grunnlag for eit Campus Hallingdal er permanent nærvær, som skal ta hand om studiekvalitet, livslang læring og kunnskapsbasert regional utvikling. Forprosjektet skal danne grunnlaget for eit hovudprosjekt/etableringsprosjekt. Endeleg mandat blir vedteke i samband med prosjektplan.
5. Forprosjektet blir gjennomført etter PLP-metoden.
6. Prosjektplan blir lagt fram for Regionrådet for Hallingdal i aug 2022. Det skal utarbeidast detaljert framdriftsplan i samband med prosjektplan, men det er føresett at forprosjektet skal avsluttast innan våren 2023.
7. Forprosjektet har ei økonomisk kostnadsramme på kr. 800.000, føreslege finansiert slik:
 - Regionrådet for Hallingdal løyver: kr. 200.000
 - Det blir søkt midlar frå Sats på Hallingdal: kr. 200.000
 - Gol kommune: kr. 400.000
8. Administrasjonen i Regionrådet avklarar med Viken fylkeskommune eventuell deltaking i forprosjektet.

Under behandling vart det vist til at intensjonsavtala ikkje er ferdig utarbeid og at den dermed ikkje vart framlagt i møte.

SAK 44/22 SØKNAD OM STØTTE TIL MOBILT FERDIGHEITSSENTER I SAMBAND MED SJUKEPLEIARUTDANNING

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal løyver inntil kr. 430 000 til økonomisk støtte til husleige for 2022 og utstyr i samband med oppstart av sjukepleiarutdanninga på Torpomoen. Midlane skal dekkast av disposisjonsfondet.

SAK 45/22 OFFISIELL OPNING AV LÆRINGSSENTERET

Hallingdal læringscenter vart offisielt opna av Fylkesordførar Roger Ryberg og Ordførar i Gol kommune Heidi Granli. Regionrådet deltok og fekk omvising på bygget og orienteringar om Ung invest, Karrieresenteret, OPUS og vaksenopplæringa.

SAK 46/22 TILSKOT/SPONSORORDNING FOR IDRETTS- OG KULTURAKTIVITETAR

Vedtak:

1. Regionrådet løyver sponsormidlane slik:
 - Kr 40 000 til folkedansopplæring i regi av Hugnad UL
 - Kr 70 000 til folkemusikkopplæring i regi av Hugnad UL
 - Kr 100 000 til filmprosjektet «Det kvite gullet»
2. I tillegg får Skjærgårds Live inntil kr 120 000
3. Retningslinene blir evaluert ev revidert før neste tildeling

SAK 47/22 BEREKRAFTSENTER HALLINGDAL

Vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal vedtek å delta i eit forprosjekt som skal avklare om det er realistisk å etablere Hallingdal berekraftssenter.
2. Regionrådet vil prioriter deltaking i eit forprosjekt og kan støtte prosjektet økonomisk med inntil 100 000 om det skulle bli naudsynt.

SAK 48/22 REPRESENTANT TIL STYRET HALLINGDAL KARRIERESENTER

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal vel Pål Rørby som representant til styret i Hallingdal karrieresenter

SAK 49/22 ORIENTERINGAR OM REGIONALE SAMARBEIDSTILTAK

Heidi Granli orienterte frå Forum nye Bergensbanen og Retura Valhall

Tore Haraldset orienterte frå HKN og SLT

Pål Rørby orienterte kort om Startup extreme.

Solveig Vestenfor orienterte om Hallingdal folkehøgskule, Fjellnettverket

SAK 50/22 STATUS OG FRAMTID BEREKRAFTIG REISEMÅL

Linda Dalene Bjerke orienterte om prosjekt berekraftig reisemål.

- Prosjektet er i rute og skal vera ferdig i desember.
- Det skal gjennomførast ei ringverknadsanalyse i løpet av hausten.
- Erfaringa til no viser at dette er viktig for samarbeid mellom destinasjonane
- No er det viktig å fokusere på vidareføring av arbeidet etter godkjent merking.

SAK 51/22 STATUS SATS PÅ HALLINGDAL

Maria Grevsgård orienterte om status og prioriteringar i Sats på Hallingdal.

SPH startar opp SMB utvikling (eit prosjekt for små og mellomstore bedrifter)

Styre har vedtatt at 2 mill pr. år skal vera søkbare

Det har kome fleire søknader på aktuelle prosjekt og tiltak som skal behandlast på styremøte den 20. juni.

SAK 52/22 EVENTUELT

Vardar

Odd Egil orienterte om Vardar AS - fusjon mellom Glitre energi og Agder Energi. Styret i Vardar skal behandle fusjonen 16. juni. Etter dette blir saka sendt til eigarkommunane. Generalforsamlinga skal vedta fusjonen 1. september der kommunane skal stemme ja eller nei til fusjonen. Knut Oscar Fleten blir invitert møte i august. Odd Egil lagar sak.

Endring av dato for regionråd i august:

Dato blir endra frå 26. august til 29. august

SAK 53/22 REGIONALT FRILUFTSRÅD

Vedtak:

Regionrådet jobbar vidare med oppretting av interkommunalt Friluftsråd
Saka om Regionalt friluftsråd blir sendt til alle kommunestyre i Hallingdal for endeleg behandling.

Hallingdal 7. juni 2022

Jan Olav Helling
Dagleg leiar